

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Mo

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: Olav Grimdalen

Gard: Grimedal

(adresse): Koldkinn, Telemark

G.nr. 59 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Helst etter eigi røynsle, men ein æl etter Steinar Koldkinn, f. 1879 i Skafså.

SVAR

1. På større gardar nyttar ein alltid hest til å få heim høyet, både frå gjordet, utmarki og heidi. På mindre bruk og plassar ber eller dreg ein høyet heim til husi.

Det er ikkje sjeldan at det vert slege i utmarki enno. Fyrr var det likevel mykje meir i bruk. All dyrka mark var då helst open åker. No er det helst mindre bruk og plassar som slør i utmark og heidar.

2. Til stakken, som ellesø vert sjeldan nytta no, ber eller køyrer ein høyet. Vanleg nyttar ein då tremeislide. Det gjer ein når ein køyrer heim høyet frå utslåttone og . Mindre høybuer er det vanleg det finst der skogslåttone ligg lenger frå garden. Men det kan likevel bli veldig lange leider å frakte høyet. Her i utmarki kan det sjeldan bli tale um å draga høyet, men anten køyra eller bera. Ber ein, nyttar ein taug (her: ei taug, fl. taugjir), bende eller byrdsvolke. Til byrdsvolk kunde ein bruka tvo smale og mjuke bjørkar (grove vidjur) som ein lagde høveleg langt frå einannan, og so lagde ein høyet i k j e m b u r på dei. Det er sers vktigt å kjemba godt. Ein bøygde då bjørkane rundt høybyrði og bar henne framfor seg eller på ryggen. No nyttar ein helst taug med trehekt . *f*
Sume kveilar taugi (lagar lykkje) *f*

På husmannsplassane kunde det og bli bruka ~~kjeskj~~ jur, ein slag flettverkskorger, ofte med trebotn. Til å bera etter var det fest fest spenlar i korgi. Desse kjeskjune vart og nytta til å bera korn frå låven, eller jordeple frå åkeren, eller kol frå milune, eller hevd(gjødsel) ut på åkeren.

Heime på gardane vert no helst bruka hjulslede. Denne sleden hev meiar fråmme og hjuler bak. Motbakk gjeng det då helst på hjulene, men utfor tener dei til å bremsa. Vanleg høyvogn nyttar dei der garden er tolleg flat. Um vinteren vert bruka jarnskodd høyslede til å frå utmarklønne oh heidane. Sleden hev lause grindar og darrar som ein slær ned når ein ikkje hev lass. På einskilde stader vert bruka sloe. Eit godt sumarlass kan ein vel draga på sloe når det ikkje er for bratt. Eit vanleg vinterlass for hest skal vera tvo sumarlass. Løypestreng vert mest ikkje nytta her.

Av vanlege berebydar reknar ein at det gjeng seks på eit hestelass. Den som ber, må kunna kjembe godt. Elles gjeng byrda sund når ein kippar bendet(taugi), elle r kanskje fyrst når ein hev fenge henne på ryggen, og det er lite kjærkome i annsam høying. Ein skal kunna reise seg sjølv, men det bør no helst halla litt der ein skal koma på føtane.

3. Mykje av høyet lyt ein køyra heim um vinteren. Det er då serlegg or utmark og heidar. Men mest alle gardar hev løa nede i gjordet. Det er mykje for å spara tid i høyingi sumarstid. Ikkje sjeldan knip det med tid, uver ~~som~~ trugar o.s.b.

4. Som alt nemnt brukar ein mykje ~~kjeskj~~ hjulslede heime på gjordet og der som er slett og fast i utmarki. Fyrr er sagt korleis han er laga. Um sumaren vert ikkje

nytta skoningar. Det vilde bli før stor friksjon
1 vinterlass = 2 sumarslass. 6 byrdar = 1 sumarslass.
1 stakk skulde helst ha 1 vinerlass.

Både sumar og vinter nyttar ein grindar og darrar.
Og lasset gjurder(gyrder) ein med taug, i utmarki kan
det hende ein nyttar bjørkar o.l. Ei høytaug hev sers
stor hekt(hovold), og ein talar ^{dei}um, høytaug. Um sumaren
gjurder ein elles frå darre til darre, og sjeldan tvert-
yver.

Høyet skulde ein få med seg so vel som råd var.

Ein bruka berre ein hest for høysleden.

5. Høyskogskøyrsla tok til når føret vart godt.
Var det frå langheidane, slo mange lag når dei "slo
på vegen"(brøytt). Det var gjerne liksom litt av ei
storhending når høyskogskøyringi tok til. Det gjekk
svært godt fekk ein heim høyet fyre jol. Men det hende
vergodane slo seg vrange, og det kunde bli spøkjeleg
for mange som hadde lite høy heime på garden. Fyrr må
ein mest rekna at 3/4 av høyet kom frå utmark og heidar.

Drog det ut fyrr det vilde "heidbite" (at snøen vilde
feste seg når det vart trakka, so det vart veg som bar),
trøyta dei seg til "mars med føre". Det var elles
vanleg å nytta trugar til vegen hadde vorte fast og
trygg for hestefoten.

6. Når det vert skikkeleg føre, anten trugføre eller
ein kan køyra "berrleist" (utan/trug), skipar høyskogs-
mannen seg til heidferd. Er snøen liten, so det ikkje
trengst brøyting, er det ikkje um å gjera å vera so
mange i fylgje. Ofte dreg då ein einsleg høyskogskøyrar
nordyver flott og flæe og lange, islagde vatn. Nårhan
kjem fram, kviler han ei stund. So lesser han på eit

dugeleg lass, trør godt og gjurder kraftigt, og akar so påxxx på heimveg. På dei drjuge slettene set han seg gjerne på lasset um det ikkje er for kaldt, og kosar seg nøgd og fegen i hug. Det han no køyrer fram til gards, høyrer med til livsgrunnlaget hans. Difor er han varsam med foret, og arbeidet er honom kjær.

Men råkar han på uver og uføre fyrste gongen, då lyt han helst køyra tomt heimatt fyrste venda. Og lite fær han kanskje med seg andre gongen og. Då er nok ikkje hugen rett so ljøs med han svingar inn på tunet med tom slede. Han kan ha køyrt både tvo og tri mil um dagen og kanskje slite hardt i motstorm og ubrøyta.

Når veret er lagleg og vegen pålagd og heidbiten, då er høykøyrarane krye. Det kan då gange med strjukande fart, serleg yver dei stålisblanke vatn. Det kan beint fram bli ei kappkøyering i spanande tan.

Men utfor lidar og bakkar og drjuge kneikar, lyt det vreistast. Vreisten er helst hemelaga, men sume nyttar og ein tjukk jarnkjetting.

Men den gamle romantiske høyskogskøyeringi er snart "en saga blott". Heidslåtten vert for tungvinn og dyr. No vantar arbeidskraft, både vinter og sumar.

Ungdomen tykkjer livsvilkåri er for harde i fjellbygdene. Han vil få meir ut av livet enn berre slit, meiner han. Og so dreg han ut, helst til byen, sidan vegen til "over there" er stengd. I framtidi vil visseleg fjellbygdene kunna gjera nytte til jaktmarker for byfolket.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

479